Søndag den 25-de fik vi skodde igjen, saa vi laa stille og bakkede.

Mandag – 26-de. Tyk skodde af ganske døgn.

Tirsdag – 27-de. Skodde med enkelte let i saa vi kunde se utover, men der fantes ikke dyr. Vi begynte da saa smaat at seile østover, vind N.O. men flau. Vi spekkede da vagt om vagt. Alt vel om bord.



Avliva isbjørn, «Minna» i bakgrunnen. Foto frå Olaf S. Brandal, Ishavsmuseets arkiv.

Onsdag – 28-de. Fremdeles taage. Vi havde nu spekket vor sisdste fangst, og det udgjorde 54 tønder. Af 220 dyr, vi havde i alt nu 123 tønder spek.

Torsdag – 29-de, taage.

Fredag – 30-de, fremdeles taage.

Lørdag den 1. Juli lettede taagen og vi seilede ud af isen og østover.

Søndag den 2-de laa vi udfor iskanten for vindstille og solskin. Vi var da paa 77 gr. 14 min. NB.

Mandag – 3-de kl 2 fm opdaga vi sælen i en iskant. Vi roede og fik tilsamen 130 sæl. Fremdeles stille.

Tirsdag – 4-de. Blikke stille, vi laa og vuggede udenfor iskanten.

Onsdag 5-te kl 5 fm roede vi til iskanten , og der var lidt sæl. Vi fik da 122 sæl tilsamen.

Torsdag den 6-te kl 1 fm roede vi for tridje gang, og fik da 179 sæl, for det meste ung sæl.

Fredag – 7-de saa vi ikke mere sæl, og forlod da stremelen og styrede Norover for sydlig vind.

Lørdag den 8-de kom vi isamen med en Jagt Presto fra Hamerfest. Deres fangst var 183 tønder spek. Isen var nu saa tet kant at det var umuligt at kome ind i den efter fangst. Vi satte da kurs for Spidsbergen for en vestlig løi bris.

Søndag den 9-de for frisk NV vind gik det i NO, og kl 11 efm øinede vi land.

Mandag den 10-de kom vi underland, Prins Karles forland. Vi begynte da at krydse thi vinden var Norlig.

Vi praiede en haakjeringsfisker som laa en par mil udenfor land. Han berettede nogle nyheder ifra isfjorden hvor til dampskib Vesteraalen gaar i rute.

De som var overvintret i isfjorden stod seg godt. Det var 2 mænd og 2 kvinder. Der havde ikke



Mannskap på «Minna» poserer med harpuner. Foto frå Olaf S. Brandal, Ishavsmuseets arkiv.

veret sne for i Januar maaned, og i jule tiden var der varmegrader.

Den ene af mendene havde faaet skjørbug, men blev lægt af Kronprinsessen af Italia som var der paa rypejagt, tillige at det var daarligt Finnmarksfiske.

Tirsdag den 11-te. Norlig og flau og regn, vi kryssede norover.

Onsdag 12-te. Paa efm sydleg vind, styrede norover, regn og skodde.

Torsdag 13-de kl 10 fm gik vi til ankers ved en øi som kaldes Amsterdam. Frisk S.O. Begge baadene roede ind i mellem øiene paa æg og dun fangst. Den ene fik 700 æg, og den anden 24. Deres fangstfelt var røvet.

Fredag den 14-de kl 8 gik vi seil, men isen hindrede os delvis at trenge frem.

Lørdag – 15-de, stille og delvis regn. Vi traf der Sleipner som havde veret i land med last 150 tønder. De medbrakte en del nyheder.

Søndag den 16-de. Delvis floinger. Vi stakede norover, men strøymen gik saa volsomt at isen



*Kristoffer Marø på dekket til «Minna» i 1902.
Foto frå Olaf S. Brandal, Ishavsmuseets arkiv.*

var umulig, og søndag efm var det med nød vi kom os klar.

Den satte mod land og vi innmellen og laa stille. Om kvelden fik vi vind og kom klar. Sydlig, og vi krydsede under Rensdyrland.

Mandag 17-de var isen lidt fordelt og vi kom forbi Graahuk. Paa efm roede vi og kom tilbage ved m.n. med 4 storkobb.

Tirsdag den 18-de. Paa fm stille, men paa efm fik vi N.V. frisk kuling og isen begynte at sætte isammen til land. Vi var da 4 siglere isamen. Sleipner fra Aalesund, en skaaner Viliam Barents og en jagt Aurora, begge ifra Tromsø. Det blev da at seile medens seil og rig kunde taale.

Jagten blev tidlig fast og skaanerten seilede fore stang af, saa tøndene faldt ned. Lidt efter blev han fast ogsaa.

Vi og Sleipner kom os løs i sidste øieblik op under rensdyrland. Men isen satte ind over fjorden, saa vi maatte seile undaf.

Vi seilede da omtrent 4 mil ind i fjorden vor vi tønnede imellem 3 smaa øier, vor vi bjergede vore skuder fra at knuses af isen.

Den store isfrie fjord var nu paa 4 timer fyldt med is saa vi kunde gaa den til alle kanter. Der laa vi overgivne til skjebnen.

Onsdag den 19-de. Fint veir, stille og solskin. Vi begynte da at spekke, og taleemnet var om fangenskab eller frihed. Udsejterne var lige store til begge sider. Vinden var da forandret til nor, hvilke var det verste for os. Vi havde nu 164 tønner spek.

Torsdag den 20-de. Vinden øgede paa fra nor og dertil skodde, saa det var alt andet end behageligt. Paa efm lettede taagen og vinden stilnede af. 4 mand gik da paa rensjagt. De fik da 2, og siden flere ekspedisjoner afsted.

Fredag – 21-de fik vi atter Norlig, og vi fik den dag 5 Ren.

Lørdag den 22-de var vi og i marken. Vi fik da 6 ren. Paa efm fik vi sydlig. Det lettede betydelig paa vor sindstemning. Vi havde faaet 4 storkob sidan vi kom hid.

Søndag den 23-de. Frisk sydlig, og isen begynte at sige ud. En valros blev sæt, men ikke faaet. Alt vel om bord.

Mandag den 24-de om morgonen begynte atter norlig vind, og isen kom atter tilbage. Da fallt modet igjen. En baad af vær skude var atter i renmarken. Paa efm stille, og isen begynte atter at sige ut. Midnat blev det S.O. frisk vind, og isen fik mere fart udover; men fjorden delte sig vor vi laa, en arm i syd og den anden i S.O. paa 3 mil som var fuld af is og som maatte ud førend vi kom os klar isen; havde 5 mil at drive.

Tirsdag 25-de. Vinden øgede paa fra S.V. til en hel storm, og om kvelden var det netop vi øinede den ude i fjorden. Kl 11 efm gik vi seil.

Onsdag 26-de. N. og fint ver. Vi var nu i aabent vand. Vi fik 7 store kober.

Torsdag den 27-de. Flau og Norlig. Vi fik 2 Kober.

Fredag den 28-de. Flau og Norleg. Vi fik da 6 kobber. Paa efm fik Østlig kuling for 2 rev.

Lørdag den 29-de paa efm løiede vinden af og vi begynte at seile østover igjen.

Søndag – 30-de fik vi vestlig og begynte at seile vestover. (den 30. Sleipner Østover).

Mandag – 31-de. Sydostlig og vi begynte at seile østover. Vi fik da 18 kober.

Tirsdag den første August fik vi øst kuling.

Onsdag – 2-den samme sort vind. Paa efm løiede vinden. Vi fik da veslig og skodde. Om aftenen kom Lofoten fra Stokmarknes østover, og i en hast blev der nedtegnet nogle linjer og sent. Han satte da kurs for Norge.

Torsdag den 3-dje fik vi 23 kobe. Fint veir, vi var 3 – 4 mil fra land.

Fredag den 4-de. Taage og ostlig vind. Vi fik 1 kob.

Lørdag 5-te. Taage og regn, vind NO.

Søndag 6-te. NO og regn.

Mandag den 7-de. N vind og tyk snekave. Vi havde da drevet under Norskeøien som laa ved fastlandet.

Tirsdag 8-de. N.NO, taage og snekave og betande kald.

Onsdag 9-de. Snekave og N.V.lig vind. Om aftenen letter kaven og vi saa land som var aldeles hvidt af sne. Det var 5 triste døgn at vente over, da saa lidet manglede paa vor fangst.

Torsdag den 10-de. Frisk kuling. For 2 rev af ost vi laa bak til om morgonen kl 6. Da besluttedes at seile hjem, da vi ikke i det første kunde vente fangst. Kl 10 fm paserte vi Dunderøi, og om aftenen var vi mit for forlandet.

Fredag den 11-te. Frisk kuling fra ost. Om aftenen kl 10 paserte vi sydkap.

Lørdag den 12-te. Frisk N vind. Nu havde vi seilt det halve af veien til Tromsø paa en V vind.



Foto frå Olaf S. Brandal, Ishavsmuseets arkiv.

Søndag 13-de. Modvind. Vi var da tet ved Bentheiland. Paa efm S.O. vind.

Mandag den 14-de. SV, og paa efm N.V. frisk vind. Ifra 6 – 7 knob i vagten.

Tirsdag den 15-de. Samme vind, men flau. Paa efm NO. Kl 5 øinede vi land.

Onsdag 16-de. Klokken 5 fm kom vi i Hammersund. Olig og flau om aftenen til Langsund.

Tirsdag den 17-de August kl 11 tøide vi i Tromsø.

Torsdag den 24-de afseile vi ifra Tromsø.

Mandag den 28-de kl 9 efm paseirte vi Lødingen, fin N vind.

Torsdag den 31-te kl 12 m paserte vi Halten.

Lørdag den 2-den September i Aalesund.

Premiere på Ishavshanda.

Av Beathe Holstad

25. april kunne Ishavsmuseet og brørne Are og Sturla Pilskog invitere til premiere på kortfilmen Ishavshanda.

Eit stort lerret var strekt opp som eit segl framom styrhuset på Aarvak, medan publikum var plasserte i «amfi» framover dekk på båten.

Are og Sturla Pilskog i Blåst film har i samarbeid med Ishavsmuseet laga denne kortfilmen som tek publikum inn i det dei kallar eit «handskap» forma av det tøffe livet på ishavet.

På lerretet fekk publikum sjå brørne sin kombinasjon av arktiske landskap, nærbilde av isen, historiske filmsnuttar frå livet på isen og hendene og mennene bak dei.

Det er slående vakkert. Gjennom bilete og historier freistar filmen å syne litt av korleis livet på ishavet forma hendene til dei som hadde det som arbeid.

Undervegs i filmen gjekk kameraet tettare på hendene, nærare huda og nærare isen. Det vart då vanskeligare å sjå kvar hendene slutta og isen byrja. Linjer i staute hender glei saumlaust over i sprekker i isen, medan musikken, komponert av Gabriel Fliflet, følgde opp bilda på lerretet og løfta dei endå eit steg fram. Fliflet var tilstades under premieren og spelte trekkspel på dekk før filmen starta.

Filmen Ishavshanda var ein av seks filmar i Kjøl-prosjektet. Det var eit prosjekt sett i gang av Vestnorsk filmsenter, museum, bibliotek og kulturhus på Vestlandet, med støtte frå fylkeskommunane Møre og Romsdal, Hordaland og Sogn og Fjordane.

-Vi er utruleg takknemlege for at vi kunne lage denne filmen, fortalde Sturla Pilskog. Dei to brørne fekk også takka ishavskarane som villig stilte hendene til disposisjon.

Are Pilskog opna for spørsmål etter filmen, og då kom det fram at isbilda vart tekne i Bottenvika og ikkje i ishavet pga ismangel.

Pilskog fortalde også at filmen er basert på ein idé frå kvar bror. Are ville filme isen, og Sturla ville setje fokus på hendene. Det var to idèar som kunne kombinerast.



Medverkande selfangarar i filmen «Ishavshanda» fekk blomar og takk etter premieren. Frå v. Arve Røyseth, Rolf Nakken (delvis skult), Jetmund Voldnes, Odd Eiken, Tore Nedrelid, Idar Kaldhol, Ivar Vartdal og Arnljot Rolandsen. Også medverkande, men ikkje tilstades på premieren, var Roger Korsnes og Reidar Pilskog. Foto: Sven-Aslak Veiseth.

Premierekvelden vart avslutta med middag og konsert med Gabriel Fliflet inne på sjølve Ishavsmuseet.

Filmen «Ishavshanda» vil verte vist på Ishavsmuseet gjennom heile sommar-sesongen.

«Sjannøy» 1950

Av Helge Ødegård

Eg fekk jobb som maskinassistent på «Sjannøy» sommaren 1950. Det var meininga skuta skulle på ein tur etter håkjerring i Stretet. Ola Hamar var skipper denne turen, Benjamin Haddal bestmann.

Oskar Garnes ville ha litt fri og begge skyttarane, Jon Hamar og Knut Flo, skulle bygge hus og derfor ville dei vere heime.

Men så fekk Garnes eit tilbod om to turar til Aust-Grønland for Grønlands Handel. Det vart Grønlands Handel, og ikkje håkjerring.

Eg som var heilt nygift fekk ta kona med til København, første og einaste bryllaupsreise eg har hatt. Oskar Garnes vart med som passasjer, han hadde også med kona.

Ei ung jente frå Remøya, (Randi), som Garnes var onkel til, var også passasjer.

Danmark var det store utland då rett etter krigen, for mange var dette den første turen til utlandet. I Danmark kunne vi få kjøpt all luksus vi mangla i Noreg på den tid. Ja, Danmark var nesten som eit eventyrland.

Som ny ombord fekk eg naturlegvis høyre historia om vanskar på prøveturen. Prøveturen var nesten det vi må kalle skandale, varmgang i hylsa, propellakselen vart så varm at den blei fastbrent i hylsa.

Trur skaden på aksel og hylse var så stor at begge deler måtte skiftast. Dette tok si tid og skuta vart for sein til Vesterisen. Derfor vart det tur til New Foundland etter gamalsel i staden.

Oskar Garnes var fornøgd med skuta, den tok seg godt fram i isen. Ein gong isen var svært treg snakka han litt med seg sjølv der han stod i tynna, «Det skal mykje til for å stoppe henne», hørte rormannen han sa.

Men så var heller ikkje Garnes vant til å ha 500 hestar i maskinrommet. Det var Crosly hestar, men likevel --.

Men så hende det dei fleste som har ansvar for navigering i isen fryktar, propellen fekk skade. Med berre ein propellving måtte turen avbrytast og skuta tok på heimtur.



«Sjannøy». Foto frå Ingvald Nupen.

No, med berre ein ving på propellen, vart det mykje risting, men verre var det med varmgang i hylsa.

Varmgang i hylsa var eit problem frå fyrste dag og no med berre ein ving på propellen vart dette problemet forsterka. Så maskinfoelka nesten kjente på hylsa kvart minutt. Turtalet på motoren vart regulert i forhold til varmgangen i hylsa.

Garnes var vant med segl frå sin ungdom, og «Sjannøy» hadde storsegl, fokk og trehuk.

Men på denne fyrste turen dukka der opp eit problem, blokkene til riggen var for trange, dette var spesielt for riggen til storseglet.

Heimturen tok si tid, men stort sett gjekk alt greitt. Skipperen som var vandt til bruk av segla, for spare på kola, meinte det var segla som gjorde utslaget for farta.

Det var stadig diskusjon i messa mellom skipperen og smørjaren om det var segla eller motoren som gjorde utslag på farta.

Skipperen hadde mest tru på segla og smørjaren var ikkje i tvil, det var motoren som gjorde utslaget. Garnes likte godt desse diskusjonane, dei gav vel litt tidtrøtte og tok nok tankane vekk frå ein heller dårleg tur.

Vesteristuren 1950 var ein bra tur.

«Sjannøy» skulle gå to turar til Aust- Grønland med forsyningar til stasjonar der. Er litt usikker, men trur første turen gjekk til Skjoldungen og Tingmirimut.

I Skjoldungen skulle der byggast eit lite senter. Der møtte vi våre første eskimoar, i boka «Ishavsfort» er der foto av mannskapet som har fått eskimobarn i fanget.

Eg huskar ein «konebåt» som kom på sida av skuta, der var 4-5 kvinner og nokre barn. Eit lite barn på sirka eit år vart litt urolig og gret litt, ombord i båten hadde dei ein nyskoten sel.

Ei kvinne opna selen og skar eit stykke spekk, i dette spekkstykket feste ho ein trepinne og så fekk barnet spekket.

Trepinnen var på tvers av munnen, den skulle vel hindre barnet å svelge spekket. Barnet vart still, det likte å syge spekk såg det ut til. Der i Skoldungen såg vi ein mann som var lam i underkroppen, han drog seg rundt med armene. Men i kajakken var han flink, var ein av dei beste fangarane der. Denne lamme mannen fekk vi stor respekt for.

I Tingmirimut var der vêrvarsling-observasjon, vi lossa proviant og anna utrustning til denne stasjonen.

Trur ikkje der var eskimoar på denne på denne stasjonen, berre danskar.

Neste tur gjekk til Angmasalik Her var det ein måte litt meir sivilisert, stor byggeaktivitet, men ennå var der mykje igjen av den gamle eskimokulturen.

Bør vel også fortelje om legeundersøking vi måtte ta før vi gjekk frå København. Vi måtte møte i salongen til skipperen og bli undersøkt for venerisk sjukdom.

Ja, eg var vant til slikt frå Amerika. Der måtte alle på dekk å stille opp i linje, dra fram «tisseluren» så doktoren kunne konstatere at vi var friske.

Ja, dette var spesielt når vi kom frå østen. Danskane var vel redde for at vi skulle smitte eskimojentene. Denne legeundersøkinga var visstnok obligatorisk for mannskap som skulle til Grønland.

Angmagssalik det er vel som ein «hovudstad» på Aust-Grønland.

Der var vel ingen av oss som hadde hatt forbindelse med eskimoar før. Vi var forundra over kor flinke dei var med kajakk, velte kajakken med eit åretak og så eit nytt åretak og kajakken var på rett kjø.

Vi hadde nokre hyggelege dagar der i Angmagssalik, den særeigne sexsmoralen som eskimoar skal ha, såg vi lite til.

Vellukka sesongopning.

Av Beathe Holstad

Torsdag 1. mai stod Hareidsordfører Anders Riise for sesongopninga av Ishavsmuseet Aarvak. Nytt av året er mellom anna ein ny båthall, med bord frå ein sunnmørsk ottring på veggen.



Ordfører Anders Riise klipper snora og opnar den nye båthallen ved Ishavsmuseet 1. mai. Styreleiar i Ishavsmuseet Trygve Holm held i snora. Foto: Webjørn Landmark

Den siste tida har det vore hektisk på Ishavsmuseet, for å gjere klart til den nye sesongen. Det har vore ombyggingar og forandringar i alle etasjene, og i den nye 200 kvadratmeter store utstillinga i første etasje har fem båtar fått plass, i tillegg til mykje anna fangst og fiskeutstyr.

Ordfører Anders Riise var på plass og klipte snora for å erklere den nye båthallen og museet for opna.

Riise sa til dei frammøtte at han er stolt over alt som Ishavsmuseet og Hareid kommune har å vise fram frå den tidlegare maritime historia. Riise hadde også med seg skøte på tomtegrunnen der Ishavsmuseet står. Skøta overrekte han til museet som ei gåve frå Hareid kommune.

Nytt av året er også at fjerdeetasje er innreidd og klar til bruk. Her blir det utstillinger og plass til å sjå film, bilete eller blade i historiebøker.

Utstillinga om Svalbard er flytta ei etasje opp og blitt utvida med fleire av ishavssøyane.



Ordførar Anders Riise overrekte også skøte på tomte rundt Ishavsmuseet frå Hareid kommune til Ishavsmuseet.

Dagleg leiar ved Ishavsmuseet, Webjørn Landmark, fortel at det har vanka mange gratulasjonar frå nøgde besøkande.

-Utstillingane blei svært godt mottatt. Vi har mykje nytt og spanande og vise fram, og det ser ut til at folk har fått med seg det. Eg er overtydd om at satsinga vi no gjer vil løfte museet endå eit steg opp og fram, forteljer Landmark.

Før den offisielle sesongopninga fortalde fagkonsulent Håvard Hatløy levande om sunnmørsbåtane, og dei spesielle borda frå ein åttring som no har fått plass på veggen i den nye båthallen.

Borda var i mange år bordkjedning på eit naust på Raffelneset, før ein fann ut at det stamma frå ein åttring.

Ein åttring var ein av dei mange ulike båttypane sunnmøringane dreiv fiske langt til havs med i generasjonar.



Fagkonsulent ved Sunnmøre Museum, Håvard Hatløy, heldt foredrag før den offisielle opninga. Hatløy har hatt jobben med å flytte og montere båtborda til ottringen.



Båtborda av ottringen, og modellen under (delvis skult).

SKREDDARSYDDE PRESENNINGAR



**PLANY**

PLANY AS NO-6082 Gursken NORWAY T: +47 70 02 68 20 F: +47 70 02 68 21 salg@plany.no www.plany.no



Tlf nr 95070668

Stålkonstruksjoner - Aluminium produksjon - Konstruksjoner rustfritt stål

*- PE produksjon - skrog - seksjoner - alle type konstruksjoner - sport
/fritid - trykksaker*

Teknisk support - kjøp/salg - import/eksport - crewing

POLARSTAR RAPPORT fra Szczecin

Gode ishavsvener og alle som er interesserte i Polarstar.

Det er spanande og kjekt å sjå framdrifta ombord. I slike stunder tenkjer vi mykje på dei som tidligare har lagt ned mykje arbeid i å klargjere skuta for denne renoveringa.

Før avgang til Polen, i desember -13 måtte mykje på plass, så vi meiner oss fornærmer ingen når vi trekkjer fram nokre personar som la ned ein formidabel innsats for å få skuta reiseklar.

Spesielt Jarl Brandal, Idar Kaldhol, Johan Veiseth, samt mannskapet som tok skuta nedover har oss lyst å nemne her. Dei skal ha stor takk for dette arbeidet!

I tillegg må oss også nemne ishavsdronninga Else Karlsen, Skipskontrollen som har vore positive, og også Webjørn Landmark og Jens Peder Brandal ved Ishavsmuseet som har hjelpt oss med verdfull informasjon.

Som tidligare nemt så er skuta no eit verna fartøy som skal renoverast i samarbeid med Riksantikvaren.

Skuta har fått ein byggespesifikasjon som er delt inn i fem pakkar, etterkvart som arbeidet skrid fram.

Første pakke har gått med til stripping av skuta utvendig, reparasjon av vinsjer, fjernng av dekksplankar, reparasjon og sveisearbeid over heile hoveddekk, rekker, bakkdekk, hovedmast osv., samt full renovering av maskinrommet.

I lesande stund er pakke nr 1 omtrent ferdigstilt. Snart berre malingsfinish som manglar. Arbeidet har gått veldig bra, og vi har ikkje hastverk.

Riksantikvaren har vore på inspeksjon og godkjent både arbeid og framdrift. Han kom ombord 26. mai for to dagars inspeksjon.

Vår prosjektleiar Marek Wisniewski har ilag med samarbeidande underleverandørar gjort ein flott og grundig jobb så langt.

Vi har avtalt med Riksantikvaren å ta skuta attende til slik den framsto på syttitalet. Ikkje



Riksantikvar Erik Smaaland t.h, samt Marek Wisniewski, prosjektansvarleg ved verftet. Mast og vinsjar er tekne på land, tredekket er rive vekk, og stål dekk ny-mala. Alle foto: Willy Nessel.



Masta på veg på land for sandblåsing og maling. Den vart lita i kroken på dei store kranene.

alt er mulig å gjenskape 100%, men oss skal fylgje dei planar og dokumentasjon oss har fått fra mange hald.

Så skuta skal nok verte slik at dei aller fleste kan nikke gjenkjennande den dagen den kjem tilbake til Brandal.

Alle lugarar og byssa skal vere slik dei er, men sjølvstekt fullrenovert. Proviantrommet ved sida av byssa skal tilbake, utvendig er luker og rekker under reparasjon, samt skott og andre detaljar. Så vil oss prøve gjenskape messa slik den var, samt ta tilbake styrehuset innvendig slik det framsto tidligare.

Nytt tredekk skal på plass igjen både på hoveddekk, akterdekk og galley dekk, men viktigast er sjølvstekt alt det tekniske og alt stål- og reparasjonsarbeidet som er lokalisert og som dukker opp.

Vi er positivt overraska over tilstanden mange stadar ombord, medan andre områder gjev oss litt problem og utfordringar.

Men alt i alt går arbeidet som planlagt. Oss får inn stadig nye bilder, takk til alle som sender til oss.

Vi har mykje diskusjon om fargevalg, fordi folk hugser forskjellig. Samtidig skal Riksantikvaren ha eit avgjerande ord med i laget, det skal vere tidsrett og oss skraper oss fram til rette fargen. Dette er nøysamt og viktig arbeid, derfor vil dei som var ombord dei ulike åra nok lure på om dette er rett farge.

Som sagt skal denne første pakken av arbeid vere ferdig no i slutten av juli/primus august. Alt no planlegg oss pakke nr 2 sidan oss håper få nødvendig godkjenning for første delen av arbeidet, slik at oss kjem oss vidare.

Denn pakke nr 2 vil innehalde god del arbeid under dekk, sveise- og reparasjonsarbeid, røropplegg, samt riving og fjerning av det som må vekk for å kome til i reparasjonsområda. Innredning og oppfrisking av det som skal vere som det er, tek nok ikkje til før utpå våren – 15. Skuta skal heller ikkje i dokk før i 2015, då skal det skiftast noke hud og diverse anna.

I vårt nære samarbeid med Riksantikvaren ynskjer oss også hjelp fra alle dykk der ute som kjenner skuta og har vore ombord i viktige tidsepoker.

Spesielt mangler oss meir bilder og informasjon fra selfangstperioda femti-, seksti- og

syttitalet, samt denne perioda med oljeleitingsoppdrag på sekstitalet.



Hydraulisk utstyr til vinsj til overhaling, sandblåsing og maling.

Sit noken på spennande informasjon, så kontakt oss eller kontakt/send til Ishavsmuseet den infoen du har.

Alt er viktig for oss for å skape eit heilt og korrekt bilde av tida og skuta.

Skuta har ein veldig viktig posisjon, seier Riksantikvaren, med ei så mangfaldig historie som berre må takast vare på for komande generasjonar.

Det vert ei travel periode no ombord i Polarstar framover sommaren, då oss skal verte ferdig med reparasjonspakke nr 1.

I neste nr av Isflaket skal oss forhåpentlegvis sende bilder fra eit nymala og fullrenovert maskinrom og meir detaljbilder fra anna arbeid ombord. Som dokke ser her i denne rapporten, så er det full aktivitet ombord. Ca 12-15 arbeidarar er ombord til ei kvar tid på ulike stadar, og prosjektleiar Marek styrer dette med fast hand.

Polarstar er og har vore ei stolt og viktig skute, og den skal etterkvart framstå i nydeleg stand !

God sommar til alle ishavs- og Polarstarvener. Kontakt oss gjerne med det du har av interessanne opplysningar!

Beste helsing Johan og Willy

Brandals Norvegiana, M-20-HD

Av Einar Måseidvåg

Ja, ishavsskuta M/S «Martin Karlsen» er nok å finne i flere Norvegianasamlinger vil jeg tro. M/S «Martin Karlsen» ble opprinnelig bygd som «Kista Dan» i 1952 ved Ålborg Værft A/S for rederiet Ocean A/S i København.



Fartøyet var kraftig isforsterket og fikk innsatt en 6-sylindra hovedmotor på 1200 HK av Burmeister & Wain fabrikat, mer eller mindre spesialbygd for oppdrag i arktiske strøk med andre ord!



Ja, den var i første rekke konstruert for utskipping av blyforekomster som i 1948 ble funnet ved Mestervig på Øst-Grønland av geologen Lauge Kock.

Denne blytransporten var KUN mulig om sommeren p.g.a.

isforholdene. Derfor ble «Kista Dan» utlånt resten av året til ekspedisjoner på den sørlige halvkule.



I 1953/54, og de tre etterfølgende sesongene hadde «Kista Dan» oppdrag for Australian National Antarctic Research expeditions.



I 1955 finner vi «Kista Dan» som konvoluttillustrasjon også, se brev til Danmark 16/2-1955!



Sommeren 1959-60 ble «Kista Dan» hyret av Falkland Islands Dependencies Survey. Denne institusjonen forandret navn til British Antarctic Survey og var så godt fornøyd med fartøyet innsats

at «Kista Dan» var ekspedisjonsfartøy på Falklandsøyene ut 1965/66 sesongen.

I 1966 kjøpte Martin Karlsen A/s på Brandal «Kista Dan» for å bruke den på selfangst ved Newfoundland, men for å kunne registrere fartøyet i Norge måtte minst 60 % av aksjekapitalen være norsk.



Aksjefordelingen ble da, Karl Karlsen, Halifax (80), Peter Karlsen, Brandal (119) og Martin Karlsen (1).

«Kista Dan» ble nå fiskeriregistrert i Hareid som M/S «Martin Karlsen» M-20- HD!

«Kista Dan» som frimerkemotiv fra British Antarctic Territory.

I 1967 gikk «Martin Karlsen» til selfangstfeltene ved Newfoundland som planlagt, men allerede i 1968 ble båten overtatt av Karlsen Shipping Company Ltd. i Halifax.



M/S «Martin Karlsen» ble solgt i 1979 og skiftet navn til M/V «Benjamin Bowring» etter grunnleggeren av det britiske selskapet CT Bowring & Co, som var en av de to hovedsponsorene for Trans-Globe ekspedisjonene til både Sydpolen og Nordpolen. En av disse turene gikk til Dronning Mauds land bl.a.

Sommeren 1980/81 var M/V «Benjamin Bowring» eks. «Martin Karlsen» ekspedisjonsfartøy både til Sør og Nordpolen,



her på frimerker fra øystaten TUVALU i Stillehavet.

Frimerkeserien er fremstilt med mellomfelt, påtrykt «M/V Benjamin Bowring 1981» som en ser!

Halba Shipping Ltd. i London kjøpte M/V «Benjamin Bowring» i 1983.

Meningen var å oppgradere båten med sikte på å fortsatt kunne leie den ut til ekspedisjoner o.l. forskning i og ved begge polene.

Men, den ble istedet liggende i opplag frem til 1984. Forfallet var merkbart og båten ble ikke rustet ut for flere ekspedisjoner.

Den ble til slutt, med navnet «Olympiakos» kjøpt opp av en tyrkisk opphogger og der slutter sporene etter M/S «Martin Karlsen» eks. «Kista Dan»!!

Einar Måseidvåg

Kilder:
Samlerkollega
Svein Åge Welle
og
Webjørn Landmark
Ishavsmuseet,
Brandal.



«Havsel» leverte fangst i Tjørnvåg.

Av Webjørn Landmark

18. mai kom «Havsel» av Alta inn til Tjørnvåg i Herøy med 4.100 prima selskinn. Det er 32 år sidan sist det vart landa så mykje selskinn på Sunnmøre. Det var Polargodt AS ved grunder og sel-entusiast Arnfinn Karlsen som var kjøparen av fangsten.



«Havsel» ved kai i Tjørnvåg. Foto: Webjørn Landmark

Arnfinn har i mange år kjempa for å få til dette. Maskinene kjem frå Martin Karlsen sitt anlegg i Brandal, og er dei same som var brukte frå tidleg 1950-tal til det vart slutt på levering i Brandal i 1982.



Ved spekkmaskina frå Brandal står Arne Karlsen og veteran Ingvald Nupen.



Arnfinn Karlsen på plass i fresa.

No er dei altså i drift igjen, og har stått ny overhalte i Arnfinn sitt tipp topp skinnhand-samingsanlegg og klare for spekking i mange år. Men Arnfinn har ikkje fått råvarer før i år.

Ikkje berre fekk eg råverer, seier Arnfinn, men også råvarer som var blodferske og av første-klasses kvalitet. Han la inn bod på fangsten på førehand, og fekk tilslag med «Havsel» og skipper Bjørne Kvernmo.

Det er noko uvanleg at ei skute frå nord kjem til Sunnmøre for å levere. Dei to andre skutene som deltok i årets fangst leverte i nord.

Bjørne Kvernmo seier at grunnen til dei kom til Sunnmøre for å levere er to delt. Det har naturlegvis med pris å gjere, men også det faktum at han har kjent Arnfinn Karlsen i ei år rekkje, og likar svært godt entusiasmen hans for foredling av produkt av sel.

Både Arnfinn og folk elles i miljøet skryt av Kvernmo og «Havsel» for å bryte barrieren med å kome til Sunnmøre å levere. Dette skaper ny tru på næringa, og Polargodt AS med Arnfinn i spissen vil bruke store ressursar i marknaden for



Skipper Bjørne Kvernmo legg skinna på renna inn til spekking. Foto: Webjørn Landmark

sal av produkta frå sel. Ikkje minst skal det satsast på ferske sel-sveiva på Møre.

Arnfinn seier at det også var stor entusiasme på Sunnmøre desse dagane under levering. Mykje folk meldte seg for å få vere med å jobbe med spekking, tromling og skinnristing under denne storhendinga. Arnfinn satsar vidare, og har alt skaffa ei fres til i produksjonen. Vidare vil han bygge ut og effektivisere i håp om at også andre skuter vil levere i Tjervåg til neste sesong.

Etter at skinna er spekka vil spekket gå vidare i Arnfinn sitt produksjonsanlegg og verte første-classes Polarolje. Skinna vert vidare tromla og salta og lagde ut for sal på skinnauksjonar internasjonalt. Skinna er av beste kvalitet, og Arnfinn har godt tru på at prisane på årets skinn skal verte gode.

På anlegget i Tjervåg går ingen ting av fangsten til spille. Kjøtrestar frå skinna, og jamvel bein, går til hundefor. Nær heile fangsten frå «Havsel» var av gråing.

Skipper Bjørne Kvernmo fortel at årets tur gav han ny fangstrekord. Etter ein litt trøblete fangststart, der dei også låg faste eit par dagar, bestemte han seg for å gå rett vest av Isafjord på Island og åleine mellom isflaka var det berre ungdyr å sjå over heile isen. Høgtrykk og fint ver gjorde at fangsten gikk greitt unna. I periodar var det å gå på isen like fint som å gå


over stovegolvet heime, seier Bjørne når han er på besøk på Ishavsmuseet.

Det var ikkje vaksne dyr å sjå. Vi følgde etter eit kast med årsungar som dreiv sørover. Og der vart vi verandes. Dei andre skutene trudde ikkje på det, og trekte lenger nord for å fangste vaksne dyr. Dermed fekk oss ligge der heilt åleine og ha kastet for oss sjølve. Midt i smørauget, seier Bjørne, som har dreve med selfangst i over 40 år.

Men aldri har han sett så store samlingar med sel på isen som han har gjort dei to siste sesongane.



Espen Brandal var med «Havsel» som styrmann, og er 5. generasjons selfangar frå Brandal. Foto: Webjørn Landmark



Beathe Holstad jobbar til dagleg full tid på Ishavsmuseet, men ville gjerne vere med på å lære seg prosessen ved levering av selskinn. Her frå prosessen med å riste skinn etter tromling. Dette er viktig kunnskap å ha i historieformidlinga ved Ishavsmuseet, seier Beathe. Foto: Gisle Rafteseth



Fleire nye utstillingar til sesongstart.

Gjennom vinteren og våren har det til dels vore hektisk byggeaktivitet på Ishavsmuseet. Til sesongstart står godt å vel 200 kvadratmeter nye utstillingsrom klare. Dette er rom som tidligere ikkje har vore nytta til noko. I første etasje er det i tilbygget det er opna opp med over 100 kvadrat nye utstillingar. Her har fem båtar fått plass, i tillegg til mykje fiske -og fangstutstyr.

I fjerde etasje er det innreia tidlegare unytta rom. Dette er ein del av komande dokumentasjons-senter ved museet. Her har det kome på plass litt utstillingar og fleire lesebokar som du som besøkande kan nytte til å trekke deg til tilbake og studere meir av historia. Fleire dataskjermar er også på plass som viser film og bilete frå selfangst og overvintringsfangst.



Mange tunge tak under flytting av utstillingar. Her er det vinsja frå luftskipshangaren i Ny-Ålesund som er på flyttefot. Frå v. Sven-Aslak Veiseth, Webjørn Landmark, Arne Lillebø og Stian Runne Brandal. Foto: Beathe Holstad.

På litt lenger sikt er det meininga at det skal kome fleire skjermar, og at det her skal vere mogleg for publikum å leite opplysningar og foto i vårt arkiv.

I tillegg til dei nye roma har også fleire av dei eksisterande utstillingane vore på flyttefot. Avdelinga for Svalbard er flytta ei etasje opp i bygget og går no i flyt med utstillingane om fangstlivet på Grønland. Denne utstillinga har no teke plassen til det som før var ei avdeling for småfiske. Svalbardutstillinga har også blitt ein del utvida, og fått med også dei andre nordlige ishavssøyane. I tillegg har polare ekspedisjonar utgått frå Svalbard fått plass. Denne siste biten vil også verte ein del utvida og påbygd med «skuter i andre oppdrag» til vinteren igjen. Også fleire av dei eksisterande utstillingane har blitt friska opp.

Tilbakemeldingane frå publikum har vore svært positive og det har vanka mykje gratulasjonar etter opninga.

Dei siste tre åra har det skjedd mange og store forandringar i utstillingane, og nær 400 kvadratmeter nye utstillingsrom er kome på plass i perioda. Dette er vi svært stolte av å ha fått til, og rettar ei stor takk til alle som har bidrege til dette. Ikkje minst den store og aktive dugnadsgjengen, venneforeininga og dei ulike bedrifter, fond og gåver som har gjort dette mogleg.



Rolf Garshol og Beathe Holstad snikrar nytt utstillingsrepo ved Hoelsbu. Foto: Webjørn Landmark.

Og det var nettopp dugnadsgjengen som fikk æra av å opne fjerde etasje med dei nye utstillingane der. Denne dagen var det ikkje plass til ordførarar og andre prominente gjestar.

Sjølvsagt vart det jobba dugnad på andre prosjekt før opninga, men etter at dagens dugnadsgjeng hadde fått svetta litt, fekk nokre av dei som har vore med på dugnaden denne våren lov å opne etasjen som dei sjølve har jobba med. Etter opninga vanka både pizza og blautkake.



Symbolsk. Ei isblokk av isopor vart knust med hakapikar då kveldens dugnadsgjeng fekk opne fjerde etasje. Frå venstre Bjørn Røyset, Beathe Holstad, Rolf Garshol, Stian Runne Brandal, Jens Peder Brandal og Kim Lillebø. Foto: Webjørn Landmark.

Interessa rundt Ishavsmuseet, både lokalt og nasjonalt, er jamnt veksande. Ny rekord med bussgrupper denne våren, og fulle hus på alle polarkveldane i år gler oss på museet stort. Polarkveldane vil no ha ei pause til ny runde startar opp igjen 12. september.

Først ut då er Gunnar Myklebust med foredrag og boklansering, «Ishavet. Pelsdyrfangst og vågemot».

26. september får vi besøk av Bjørn Fredriksen som skal vise unike filmar frå Jan Mayen.

Det kan elles vere lurt og følgje med på museet si heimeside, www.ishavsmuseet.no og leggje oss til på Facebook www.facebook.com/aarvak for å vere oppdaterte på arrangement og nytt frå museet.

I skrivande stund går det også mot ny rekord i besøket av skuleklasser denne sesongen. Besøkstala så langt i år er gode, og sesongen lovar bra.

Ishavsmuseets Venneforeining heldt sitt årsmøte 11. april. Foreininga melder om bra aktivitet og stadig veksande medlemstal. Antal betalande enkeltmedlemmer nærmar seg no 600. Dette er ei auke på nesten 200 medlemmar dei siste tre åra.

Ishavsmuseets Venner skipa til to medlemskveldar i 2013. Grillkveld tidleg i september og lutafiskkveld i november. I tillegg var venneforeininga aktive med mykje dugnad, hjelte til ved fleire arrangement på museet, og støtta Ishavsmuseet økonomisk med overskotet av medlemspengane og innkoma ved andre arrangement. Største delen av pengegåva frå venneforeininga i 2013 gjekk til å innreie båthallen, isolere og legge panel i tak. Ein del gjekk også til spleiselaget med å skifte dekksp plank på Aarvak. Dette arbeidet vart i hovudsak dekkja av Stiftelsen UNI.


Under valet på årsmøte vart Bjørn Røyset valt til ny leiar. Med seg i styret har han Tor Riise som kasserar, Oddlaug Brandal, Sindre Moltu Riisøen og Sven-Aslak Veiseth. Vara er Stian Runne Brandal og Anders Lillebø.

Bjørn Røyset vart også valt til å sitje i styret for Ishavsmuseet som venneforeininga sin representant.

Røyset seier at han gler seg til å ta fatt på oppgåva som ny leiar. Han er også imponert over den interessa som er lokalt for museet, og den store given i dugnadsmiljøet.

Vi er ein fin gjeng på dugnadane seier Røyset, men vi har også plass til fleire. Det er berre å take kontakt med meg eller til Ishavsmuseet. Mange spanande oppgåver står fortsatt for tur.

Bjørn Røyset er ny leiar i Ishavsmuseets Venner.



Vi høyrer til her!

Gjennom generasjonar har menneskjer på Nordvestlandet grepet moglegheiter og tatt sjansar. Dei har medverka til å skape eit levande lokalsamfunn og gode levekår for befolkninga. På den måten har dei skapt ein kultur for å lykkast. Sparebanken Møre er ein del av denne kulturen.

Sparebanken Møre er stolt samarbeidspartnar for Ishavsmuséet Aarvak.



SPAREBANKEN MØRE

Foto: Pål C. Cabaj

Plukkefangst:

Sikkert over Zackenbergelva

Forskningsstasjonen Zackenberg på Nordaust-Grønland har fått ei ny bru så ein kan utvide klimaforskninga til også den vestlige sida av Zackenbergelva. Behovet for å inlemme området vest for elva er blitt mykje større dei seinere åra, då stasjonen har opplevd ei stor auke av forskarar.

Så langt har ein kun hatt moglegheita av å krysse elva med gummibåt gjort fast til ein vire på tvers av elva. Det har ofte vore ein risikabel og primitiv overfart, ikkje minst i samband med den årlige flaumen, då elva når opp på ein bredde på ca. 100 meter og ei vassdjupne på 2-2½ meter på overfartsstaden

Det er alltid ei utfordring å bygge på Nordaust-Grønland.

Brua sin gitterkonstruksjon vart frakta frå Polen i små element til Aalborg, der dei gjekk med båt vidare til Daneborg på Nordaust-Grønland. Dei siste 30 kilometerane måtte elementa stuvast saman i et lille Twinotter-fly, som kunne lande ved Zackenberg.

Ei spesiell oppgåve blei gjennomført i juli-august 2013, då fire personar med handkraft samla dei 130 m3 med stein à 10–15 kilo, som skulle til for å beskytte fundamenta.

Allereie i starten av september kom årets første snø, og etterfylgjande regn bidrog til å gjere bygginga meir komplisert, fordi elva vaks svært mykje. Ein ny flom kom heldigvis ikkje, og den 23. september 2013 kunne brubyggjarane innvie brua.

(Polarfronten 4-2013)

Fram-utstilling i Kina

Frammuseet har på oppdrag for Utenriksdepartementet lagd utstillingen «Explore the Arctic - past, present and future» ved Shanghai Science & Technology Museum. Utstillingen er resultatet av et samarbeid mellom UD og det polare forskningsinstituttet i Kina.



Under åpningen representerte direktør Jianmin Jin Shanghai-museet (SSTM), og Geir O. Kløver Frammuseet. Sistnevnte ga også opplæring til fem kinesiske guider som skal formidle innholdet i utstillingen til de mange besøkende ved SSTM. Til stede under åpningsseremonien var også generalkonsul Øyvind Stokke og konsul Siri Borgen fra det norske generalkonsulatet i Shanghai.

Det hele er en kopi av vår utstilling om nordområdene i Gjøa-bygget, pluss noen smakebiter fra Nansens og Amundsens liv og bedrifter – alt iført kinesisk språkdrakt.

Utstillingen vil bli vist frem til 22. mai i Shanghai, før den turnerer videre til Guangzhou i juni og til Beijing i september.

Det er på flere måter et interessant samarbeid Frammuseet har innledet med SSTM, og vi er enige om å ha nye fellesprosjekter i fremtiden.

(www.frammuseum.no)

Uten nåde



Det er umulig å vite hvordan en isbjørn vil reagere i møte med mennesker. På ekspedisjoner og forskningsopphold gjennom førti år har Birger Amundsen møtt isbjørn under alle tenkelige forhold. De aller fleste møtene har vært fornøyelige. Men det har også hendt at isbjørn har slått seg inn gjennom hyttevinduer, kommet travende uten å ense knallskudd, kasteknall eller rifleskudd i bakken. En morgen våknet Amundsen opp med en isbjørnbinne halvveis inne i teltet. Dette er en bok om menneskets jakt på isbjørn, med alle tenkelige midler. Gjennom å skildre de fem ulykkene der mennesker er drept av isbjørn på Svalbard de siste tiårene, gir Birger Amundsen et levende og intenst innblikk i forholdet mellom bjørn og mennesker. Det er også en historie om ensomme jegere, brutale avlivningsmetoder og jakt på profitt.

No byrjar flyttinga av Fredheim

Utstyr på plass for flytteprosess mai 2014

For å unngå at bygningane rasar ut i fjorden skal fangststasjonen Fredheim i Sassen flyttast. Ulike løysingar har vore vurdert i samråd med Riksantikvaren. Sysselmannen planlegg no å flytte stasjonen lenger inn på land, til eit sikrare og meir stabilt område.

Det er Sysselmannen på Svalbard som skriv dette på si heimeside.

Fangsstasjonen Fredheim har i dei siste 15 år vore tema for diskusjon om kva som må gjerast i forhold til stranderosjonen som i varierende grad et seg innetter land. Medan målingar i 2012 viser at hytta ligg 8,5 meter frå strandkanten, er det i år målt ein avstand på berre 6 meter frå hytta til skrenten ned mot tempelfjorden. Flytteprosessen vil skje i to trinn, der bygningane i fyrste omgang blir frigjorde frå

marka, og klargjort til flytting. Sjølv flyttinga skal skje i mars/april 2015.

Fredheim fangststasjon har to generasjonar fangsthytter. Den eldste, «Gammelhytta», eller «Danielbu» frå om lag 1911 vart flytta vekk frå erosjonskanten i 2001 og restaurert. Denne bygninga kviler på eit «sledefundament» frå denne operasjonen.

Den nyaste, «Villa Fredheim», som fyrste gong vart teken i bruk i 1927, er ein av dei største fangststasjonane på Svalbard. Villa Fredheim vart reist for, og av den vidgjetne fangstmannen Hilmar Nøis med til saman 37 overvintringar som fangstmann på Svalbard.

Ny teknologi gir mer kunnskap om isbjørn

Nye satellittsendere har bedre kapasitet og kan sende mer data om isbjørn.

Dette melder Norsk Polarinstitutt på sine nettsider.

De nye senderne har større kapasitet og kan sende mer data om isbjørnenes adferd og bruk av leveområder.

Mye av kunnskapen vi i dag har om isbjørn i Arktis har vi fått gjennom å instrumentere isbjørnbinner med halsbånd for skaffe posisjoner via satellitter.

Iridiumsystemet

– De siste årene har det skjedd en rask utvikling med iridiumsystemet, som tidligere mest var brukt i områder hvor annen kommunikasjon var lite tilgjengelig. Utviklingen har ført til at vi nå kan bruke sendere på ulike pattedyr, og de nye senderne har større kapasitet og kan sende mer data, opplyser isbjørnforsker Jon Aars ved Norsk Polarinstitutt.

Norsk Polarinstitutt er med i utprøvingen av senderne og har brukt dem i over ett år. Instituttet er så langt fornøyd med prototypen som gir mer frekvent data enn hva som tidligere var mulig. Nå kan GPS-posisjonen måles annen hver time og registrere temperatur og mål på aktivitet, mot tidligere normalt en posisjon i året. Nyvinningen gjør at isbjørnforskere og forvaltere nå kan si mer om adferd og bruk av leveområder hos isbjørn.

FØRSTE GRØNNLANDS-MELDING FRA «POLARIS»

Til Brandal har man nu fått det første telegram fra «Polaris» etter at den kom til iskanten ved Grønland. Man fant det tidligere merkelig at man ikke hørte noe mer fra båten, men det viser sig nu at dens avsender har vært for svak, så telegrammene ikke har nådd frem.

Nu meldes det at man holder på å bygge en ny kortbølgesender på Møretun, helt syd på Grønland. Møretun ligger omtrent på samme breddegrad som Oslo. Telegrammet fra «Polaris» var denne gang sendt over Finnsbu.

«Polaris» melder at Ole Mortensen, som reiste til Grønland i fjor med «Signalhorn» som leder for fangstekspedisjonen fra Tromsø, er omkommet i vinter. 2.februar i år gikk han gjennom isen og druknet.

En annen av ekspedisjonens tre deltagere, Arnt Rikardsen, skal overvintre på Møretun ved den nye telegrafstasjonon, mens den tredje, Paul Pedersen, følger «Polaris» hjem til Norge.

28.august 1932

MØRE GRØNLANDSEKSPEDISJON HAR HATT ET BRA FANGSTÅR

Peder Sulebak, fangstmann i Møre Grønlandsekspedisjon og 1. der av ekspedisjonens syddparti, omfattende Kong Oscars Fjord med bifjorder, kom hjem til Mauseidvåg i går kveld, og Sunnmørspostens korrespondent benyttet anledningen til å hilse på ham.

Han er en frisk og spenstig kar i 35-årsalderen, og har nu ialt overvintret fire år på Øst-Grønland.

–Dette sydlige felt er jo forholdsvis nytt, spør vi.

–Ja, vi begynte der for to år siden og har nu 13 hus der. To av den er utstyrt som hovudstasjoner.

–Hvorledes har vær- og fangstforholdene vært i år?

–I det hele har det vært fint vær i vinter med lite sne. Fangstvillkårene har vært noenlunde bra og fangsten adskillig bedre enn i år.

–Hvem fangstet de sammen med?

–Etter at Karlsbak reiste hjem i fjor på grunn av sykdom har vi vært bare to mann, Knut Åmbak og jeg. Sundhetstilstanden har vært utmerket. Ingen av oss har vært syke en dag før vi kom ombord i «Polarbjørn» og fikk dentradisjonelle influensa.

–Hvorledes liker De Dem der borte?

–Jeg har likt meg ganske bra. Hadde det ikke vært fordi jeg har familie hjemme, vilde jeg ikke ha kommet hjem i år.

3.september 1932

DANSKENE VIL LEIE «POLARBJØRN»

Oslo: Det er kommet en forespørsel til «Polarbjørn»s rederi fra Grønlands bestyrelse om man vil leie bort skuten til en tur til Vest-Grønland i første halvdel av oktober. Skuten blev utlosset her i går og er gått til Ålesund. Blir det sluttet kontrakt, er det meningen at skuten skal gå til Godhavn for å hente passasjerer og 100 tonn gods.

Sunnmørsposten har forelagt overstående for rederen, Peter S. Brandal, som bekrefter telegrammets innhold. Det er imidlertid intet avgjort ennå, uttaler hr. Brandal, da vi bl.a., først må høre om den norske stat har bruk for fartøiet. Forøvrig er det ikke litenrisiko forbundet med denne turen, de bestemmelsestedet ligger nokså langt nord på Vest-Grønland. Vi forhandler imidlertid om saken.

–Er det noe nytt fra «Polarsis»- ekspedisjonen?

–Vi har ikke hørt fra den på lenge, så formodentlig må dens radiostasjon være i uorden. Men om en otte dagers tid kan vi vel så smått begynne å vente «Polaris» hjem igjen.

Ren sunnhet for både hund og eier

Polarolje er produsert av førsteklasses råvarer fra ishavs-sel

- Jevnlige inntak gir
- blank, hårfast pels
 - myke, smidige ledd
 - godt næringsopptak og immunforsvar
 - forebygging mot eksem og sårddannelser
 - sterkere poter

Polarolje® for hunder
naturens egen balsam
øker trivselen og gir

- blank, hårfast pels
- myke, smidige ledd
- bedre næringsopptak og immunforsvar
- forebygging mot eksem og sårddannelser
- bedre og sterkere poter

Innhold - dosering
Innhold: 5 dl ren selolje
Mettede fettsyrer: 15,2%
Enumettede fettsyrer: 58,28%
Flerumettede fettsyrer: 26,53%
EPA: 5,44%
DPA: 2,66%
DHA: 8,82%
Omega 3 fettsyrer: 24,10%
Omega 6 fettsyrer: 2,42%
Vitamin E: 0,029 mg/g
Vitamin A: 36 iu/g
Vitamin D: 4,7 iu/g
Dosering: Daglig 1 ts sammen med føret
Holdbarhet: 2 år

Naturens egen balsam
Forskere ved Haukeland universitetssykehus og Nasjonalt institutt for ernæring og sjømatforskning (NIFES) viser til oppsiktsvekkende resultat etter 5 års klinisk forskning.
Forbrukerkontakt:
Produsent, Polargodt AS,
6070 Tjørvåg, tlf 70 08 42 62
arnfinn@polargodt.no

Polarolje®
GOD FOR ØMME LEDD OG MUSKLER

Nettoinnhold: 5,0 dl. Raffinert selolje, kosttilskudd.
Innholdsdeklarasjon 100 ml
Mettede fettsyrer: 15%
Enumettede fettsyrer: 58%
Flerumettede fettsyrer: 27%
EPA: 6%
DPA: 3%
DHA: 9%
Omega 3 fettsyrer: 24%
Omega 6 fettsyrer: 2%
Vitamin E: 0,029 mg/g
Vitamin A: 36 iu/g
Vitamin D: 4,7 iu/g
Oppbevaring: Mørkt og svalt, utilgjengelig for små barn.
Anbefalt døgndose, voksen: 1. uke: 2 ss. Deretter 1 ss. (15 ml).
Kosttilskudd bør ikke erstatte variert kost. Det bør ikke inntas mer enn anbefalt døgndose.

7 1090005 642360

Bli "på lag med" hunden din - se etter disse etikettene når du kjøper kosttilskudd til din firbente venn og deg selv! Polaroljen leveres i 5 dl. flaske.

Kjøp direkte hos produsent:

Polargodt AS

6070 Tjørvåg
Tlf: 70 08 42 62
Arnfinn mobil: 906 60 438
arnfinn@polargodt.no
firmapost@polargodt.no
www.polargodt.no



OMEGA-3 FRA SELOLJE MED OPSIKTSVEKKENDE VIRKNING